

hoduikaR ek lagust(1)ðir hlaaivido maðu minino d. e.: Hød-
leik (kviler her). Eg Haukstald hauglagde son min.

Det frumnordiske maalet hev vore mykje likt det gamle *g o t i s k e*, og likskapen med dei andre germanske maali paa den tid hev ogso vore mykje større enn han er no. Det frumnordiske hadde mykje *a, u, ù, o* og *au*, i slike ord, som maalet sidan fekk *e, y, ø* og *øy*, eller maalet laag den gongen lenger att i munnen og hadde ein myrkare klangsvip enn no; dessutan merkte det seg ut med sine mange og lange former, t. d. *HafuuvulafaR* (Halv), *ðoltriR* (dotr), *minino* (min), *bariutiþ* (bryt).

2. Vikingtidi (750—1000).

Dei merkelegaste tilburdarne i den yngre jernalderen eller *vikingtidi* er dei store utferder til framande land, og at dei norske fylki vart samla til eit rike. Norig stig fram i *soga*.

Fyre aar 800 hadde vikingar funne fram yver havet til *Hjallland, Orknøyarne, Nord-Skolland, Sudcrøyarne, Irland* og *England*. Paa lag samstundes fann dei *Færøyarne*. Paa alle desse staderne grunna dei nybygder. I *Irland* kom dei saman med keltiske folk, som var kristne og stod høgt i kultur; dei irske prestarne var namngjetne for lærdom; i *Wales* hadde skaldskapen sin beste heim. Nordmennerne blanda seg med keltarne, og lærde mykje som dei hadde med seg heim og som sidan spreiddest vidare.

Grunnen til vikingferderne var vel mykje folkemengdi, som hadde vorte for stor, men fulla ogso ein medfødd utferdshug og ein vill stridshug, som sjolve gudetru deira — *aasaleva* — maatte kveikja upp i deim. Men til dette kom i det 9de hundr. dei politiske tilstandi her heime. *Harald*